



Regionråda i Møre og Romsdal

Undervegsrapportering for kommunereforma pr. 1. juli 2015

Viser til forventningsbrev frå Fylkesmannen sendt ut til kommunane 15.okt. 2014, og til brev sendt til Regionråda i Møre og Romsdal datert 24.feb. 2015. der vi ber regionråda om ei rapportering av arbeidet med kommunereforma innan 1. juli 2015.

Kommunane og regionråda har sidan hausten 2014 hatt stor aktivitet med kommunereformarbeidet, og Fylkesmannen vil først nytte høvet til å gje regionråda ros for korleis de har lagt til rette arbeidet for kommunane.

Fylkesmannen ber med dette regionråda gje ein kort rapport innan 1. juli 2015:

1. Framstill gjerne dette i ei matrise: Kor mange møter, folkemøte, kurs, konferansar, studieturar og anna har regionråda delteke på saman med ein eller fleire kommunar. Namn på aktuelle kommunar.
2. Gje kort greie for prosjekt, utgreiingar, innbyggjarundersøkingar og anna aktivitet som regionråda meiner er viktig for rapporteringa
3. Nemn kort om arbeidet regionråda har vore med på når det gjeld kommunar i andre fylke – og status i dette arbeidet
4. Fylkesmannen ber også regionråda gje ei kort samla vurdering av arbeidet i sin region ut i frå måla med kommunereforma
5. Kva synes regionråda det er viktig å leggje vekt på i sitt vidare arbeid for å få kommunane i «mål» innan 01.07 neste sommar?

Kommunane får tilsendt ei elektronisk spørjeundersøking der dei vil rapportere om arbeidet så langt.

Fylkesmannen vil handsame svara frå kommunane og regionråda, og sende ein samla rapport vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass.fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.